Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Konr. Aunmoll

(adresse): By i Åfjord

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Åfjord

Bygdelag: Sørdalen

Gard: Aunmoll

G.nr. 43 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dei forslaga ein har nytta i dårlege år i tillegg til høyet, kallar ein hjelpefor. Noko samnamn på skav, beit og brom fins ikkje. Ordet „skjæva" bøyer ein slik: (notid) skjæv, (fortid) skov, (particip) skovi. I førri hundreåret var skav nytta så vanleg til krøtterfor her i bygda at det visseleg kom inn under kategorien: regulært forslag. Folk satt gjerne og skov om kveldane på etterjuls-vintrane. Frå hundreårs-skiftet og utetter ei tid var skav brukt for å ri av „vårknipa" (forløysa på vårparten etter ein klein høy-vers-sommar.) I våre dagar er skave ein mykje sjeldsynt vare. Berre på ein-bølte fjellgardar kan ein råka på noko slikt, men det er svært uvanleg der og.

Det treslaget som har vori brukt til skav her, er rogn- og berre det. Ordet skjævla er nytta om rognstangar. Noko rim som fortel om godleiken av dei ymse treslag, er ukjent på desse kantar. Av buskapen var det berre kyrne som fekk skav, og det var helst

6342

på vårparten. Skavet felsk køyrer ei-
nast, altså ikkje blanda saman med
eit anna fôrslag. Ein kan kje seia om
ein - ved å nytta skav - fersk meir
mjølk, men at smået fekk ein
friskare og gulare lett er sikkert. Ein
drog til skogs eins ærend når ein
skulle henta skav. Hesjeveden skav ein
ikkje. Å henta heim skav-ved vart
kalla for: å dra åt skavslag, og veden
ein henta, kalla ein skav. Her liter
ein forgjeves etter gjerningsordet <u>marka</u>.
Folk drog åt skavslag, som alt er nemnt,
på ettersjels vinteren. Når det i vår-
løysinga vart ufôre tok dei skavstengene
i meisa og bar dei heim. Ei av reka-
kjerringane, Olina Aunvoll, fortalde
meg - med tro kunde - om ein slik
tur. Ein vår det var skrikande fornød,
gjekk ho austad og hogg på meisa
ei dugeleg skavbør. Det var eit par
km. å gå, og det gjennom ulendt og
ubrøytt terreng, men fram måtte ho.
Børa seig noko meir kvar gong, så det skul-
le bli moro å vega når ho kom
heim. Ho så gjorde, og børa synte seg
å vera - fire vog; altså 72 kg! - - -.

Det hadde gått hardt utover skav-
skogen eit tak, og ein måtte, på lang-
tur" skulle ein finna noko. Ola
Holsen køyrde heilt til Trongstadlia
- omlag 8 km. frå heimen - med ein
okse, og hogg seg på eit duveleg lass
med rogn. Så bar det på heimveg,

6342

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og det gjekk bra heilt til Gammalk-lona. Der sto oksen seg vrang og var ikkje å få av flekken. Karane lokka og truga, men like lite hjelpte det. Kva skulle dei gjera? Jau, så kom dei på råd: Enn om dei hadde hatt ein høytapp og haldt framom mulen på han – skal tru om han ikkje hadde ummaka seg for og fått tak i han? Som tenkt så gjort. Så for ein av karane fram til Flerstad, næraste garden, og fekk tak i ein kjeft høy. Jau no var det likt til at oksen fekk bein å gå på igjen. Etterkvart som oksen løygde seg etter høytotten, gjekk mannen unna for unna i passelig avstand. På den måten kom dei seg heim med lasset.

Den skikken at karane skulle til skogs på „fastand hjertå" på langfredag og henta skav er ukjend her. Med skavinga heldt ein til på sponplassen, alt ettersom ein hadde rom til. Der dei hadde eldhus, var det bruksmåten å skjera der. Som regel heldt dei til inne i stua. Reidskapen som vart nytta, var jamnast tollekniven. Men når stengane var tjukke, brukte dei bandkniv. Ofte klauv dei rognleggen i „fjoringa" for å koma betre til med „skjeringa". Skavtedlen er ukjent her. Skar ein med tollekniven, heldt ein skavkjeppen roleg over høgre kneet med venstre handa, medan

6342

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

knivan vart ført med høgre handa.
Skar ein med bandkniv, kvilte skar-
kubben på eit fast understell (kvalka).
Ein sat da „om skrævs" på kubben
og førte bandkniven fram og tilbake
med begge hendar. Ein kalla veden
ein skar for skarved og sjølve kvisten
for skar. Kjeppane ein har skorevi,
kallar ein skjerved anten dei er tjuk-
ke eller tynne og dei var omlag dide-
bel så lang som vanne ved. (Fleirtal av
skjerved - skjerula).
Skarvet skulle vera fint og helst skul-
le litt av sjølve vedlaget vera med.
Den veden som var skorevi, vart
mykje nytta til å koka ihop
„mässa" med. Det er omlag ein 30
år sia dei brukte skar til för
åt krøttera her i bygda. Likevel kan
det ha førekome heilt fram til nyg-
„andagane" at folk på einskilde fjell-
gardar har tydd til dette hjelpefor-
et for å ri av det verste av „vårkni-
pa".

6342

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING